

Y Kvinnherad kommune	
21 AUG. 2015	
Saksnr.: 12/775	U.off.:
Saksbeh.: JFO	Kopi:

SAMARBEIDSAVTALE OM ETABLERING OG DRIFT AV FOLGEFONNSEENTERET

MELLOM

KVINNHHERAD KOMMUNE
HORDALAND FYLKESKOMMUNE
BJERKNESSEENTERET
HAVFORSKNINGSINSTITUTTET
FOLGEFONNA NASJONALPARKSENTER
FYLKESMANNEN I HORDALAND
SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS
SKÅLAFJÆRO AS
NORSAFE AS
HELLESØY VERFT AS

Heretter kalla "partane"

Bakgrunn

Folgefonsenteret skal vera eit formidlingscenter for forskning og forvaltning. Senteret skal ha fokus på formidling og aktivitetar med utgangspunkt i Folgefonna nasjonalpark, bre- og klimaforskning ved Bjerknessenteret, marin forskning ved Havforskningsinstituttet og næringsliv. Målgruppene er ålmenta generelt, skule og utdanningssektor og reiselivsnæring. Sentrale tema i Folgefonsenteret er berekraftig bruk og utvikling med fokus på forskning, forvaltning, undervising, opplevingar, vern, tilsyn og næringsutvikling relatert til fjord, bre, geologi, klimaendringar, energi, naturmangfald, kulturminne og matproduksjon, i spennet frå Hardangerfjorden til Folgefonna.

Folgefonsenteret skal etablerast i eit nybygg på 600 – 800 m² knytt saman med eksisterande Folgefonna nasjonalparksenter og Skipsbyggingsmuseet. Det skal innehalda areal for utstillingar, formidling, møteverksemd og undervising, samt kontorfasilitetar og turistkontor. Bygget skal oppførast i kommunal regi finansiert ved tilskot frå kommunen, fylkeskommunen og private bidragsytarar. Det blir vurdert å oppretta eigeidomselskap for seinare drift og utleige av bygget. Det skal etablerast ei allmennyttig stifting som har ansvar for å finansiera, utvikla og drifta utstillings- og formidlingsverksemda. Styret i stiftinga skal setjast saman av faglege aktørar og andre med relevant tilknytning til Folgefonsenteret sitt formål. Folgefonsenteret skal byggja på eit solid og berekraftig økonomisk fundament og ein robust driftsmodell, med rom for dei aktivitetar som ligg i målsetjinga, og for seinare utvikling. Drifta skal finansierast ved statlege tilskot til Folgefonna Nasjonalparksenter, andre offentlege og private tilskot, sal av tenester og utleige. Ulike former for inngangspengar skal vurderast, der dette ikkje kjem i konflikt med Nasjonalparksenteret sine autorisasjonsvilkår.

Partane i denne avtalen bind seg til følgjande:

1. Kvinnherad kommune

Kvinnherad kommune stiller den kommunale eigedomen med påståande bygningar til disposisjon for Folgefonnsenteret. Dette gjeld deler av gnr. 82 bnr. 51, 171 og 182 i Kvinnherad kommune. Kommunen forpliktar seg til, gjennom denne avtalen, ikkje å avhenda eigedomen, men stilla denne til disposisjon for Folgefonnsenteret så lenge dette driv etter føresetnadene. Verdien av tomtene er sett til kr. 1 000 000,- einmillion – kroner. I tillegg løyver kommunen 9 000 000,- nio millionar – kroner utan vilkår, til byggeprosjektet. Kvinnherad kommune pliktar seg til å lokalisera sin turistinformasjon i Rosendal til bygget. Kommunen pliktar seg til å leige inntil 30 m² til føremålet, samt å bere sin høvesvise del av felleskostnader, fellesareal og fellesfunksjonar (garderobe, toalettanlegg, møterom, pauserom og liknande). Kommunen pliktar seg til å inngå leigeavtale for minst 5 år med opsjon på 5 nye år.

2. Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune løyver 7 400 000,- sju millionar og fire hundretusen – kroner til prosjektet. Av dette 3 000 000 kroner som kompensasjonsmidlar. Løyvinga er på vilkår av at bygget blir realisert og Folgefonnsenteret etablert, samt vilkår gitt i tilsegnsbrev av 11.05.2007, og brev frå fylkeskommunen datert 05.09.2012.

3. Sunnhordland kraftlag

Sunnhordland kraftlag løyver 3 500 000,- tre millionar og fem hundretusen - kroner til prosjektet. Løyvinga er på vilkår av at bygget blir realisert og Folgefonnsenteret etablert.

4. Norsafe AS

Norsafe AS løyver 3 600 000,- tre millionar og sekshundretusen – kroner til prosjektet. Løyvinga er på vilkår av at bygget blir realisert og Folgefonnsenteret etablert.

I tillegg stiller Norsafe AS til disposisjon gratis steinmasse som verksemda kan avsjå. Massane blir levert fritt tilkøyrte byggeplass. Kalkulert massebehov er 3500 m³.

5. Skålafjæro AS

Skålafjæro AS løyver 2 400 000,- to millionar og fire hundretusen – kroner til prosjektet. Løyvinga er på vilkår av at bygget blir realisert og Folgefonnsenteret etablert.

Ein del av Skålafjæro AS si løyving vert ytt som tilleggsareal til tomta. Arealet på omlag 910 m² er taksert til 1 171 500,-. Verdien av dette og tidlegare tilskot til ideprosjektet av februar 2006, stort kr 195 000,-, går til frådrag frå tilskotet på 2,4 mill. kroner. Ut frå det blir Skålafjæro AS sitt tilskot kr 1 033 500,- ein million og trettitretusen fem hundre - kroner.

6. Hellesøy Verft AS

Hellesøy Verft løyver 1 200 000,- einmilliontohundretusen – kroner til prosjektet. Løyvinga er på vilkår av at bygget blir realisert og Folgefonnsenteret etablert.

7. Bjerknessenteret/Universitetet i Bergen

Bjerknessenteret får vederlagsfritt rett til å formidla sine forskingsaktivitetar i Folgefonnsenteret. Senteret bidreg med fagleg kompetanse til planlegging av formidlinga som omfattar klima og bre.

Bjerknessenteret pliktar seg til å leiga 1-2 kontorplasser, samt nytte undervisnings-, og møtelokale til egne kurs i om lag 2 veker i året. Bjerknessenteret vil bera sin høvesvise del av felleskostnadene til dette. Nærare spesifisering skal gjerast når driftsorganisasjonen for senteret er etablert.

Bjerknessenteret pliktar seg til å inngå avtale på 5 år med opsjon på 5 nye år. Avtalen er på vilkår av at bygget blir realisert og at Folgefonnsenteret blir etablert i samsvar med ovannemnde føresetnader og generelle føresegner.

8. Havforskningsinstituttet

Havforskningsinstituttet får vederlagsfritt rett til å formidla sine forskingsaktivitetar i Folgefonnsenteret. Instituttet bidreg med inntil 100 timar forskartid pr. år som fagleg kompetanse til planlegging og utforming av formidlinga som omfattar marin forskning.

Havforskningsinstituttet pliktar seg til å leiga inntil 25 m2 til egne kontor-, undervisnings- og møtelokale, samt å bera sin høvesvise del av felleskostnadene til desse. Instituttet sine noverande lokale i Fjordgyltt blir relokalisert til Folgefonnsenteret.

Havforskningsinstituttet pliktar seg til å inngå avtale på 5 år med opsjon på 5 nye år. Leigevilkår som omtala i innleiinga og generelle føresegner.

9. Folgefonna Nasjonalparksenter

Folgefonna nasjonalparksenter sine plikter er definert av statlege styresmakter. Desse er fastsett gjennom retningslinjer og autorisasjon. Nasjonalparksenteret pliktar seg til å følgja desse. Nasjonalparksenteret får rett til å formidla sine aktivitetar i Folgefonnsenteret.

Folgefonna Nasjonalparksenter pliktar seg til å leiga inntil 30 m2 til egne kontor-, undervisnings- og møtelokale, samt å bera sin høvesvise del av felleskostnadene med desse. Av dette skal nødvendig kontorareal stillast til disposisjon for Statens naturoppsyn ved Miljødirektoratet.

Folgefonna nasjonalparksenter pliktar seg til å inngå avtale på minst 5 år med opsjon på nye 5 år.

10. Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen i Hordaland pliktar seg til å leiga inntil 20 m2 til egne kontor-, undervisnings- og møtelokale, samt å bera sin høvesvise del av felleskostnadene med desse.

Fylkesmannen i Hordaland pliktar seg til å inngå avtale på minst 5 år med opsjon på 5 nye år.

Generelle føresegner som alle partar stadfester:

Kvinnherad kommune forpliktar seg til å arbeida målretta for å realisera Folgefonnsenteret med den økonomiske avgrensinga som går fram av denne avtalen.

Kvinnherad kommune har ansvar for å gjennomføra byggeprosjektet i samsvar med utarbeidd prosjektplan.

Dei partane som har plikta seg til å inngå leigeavtalar i bygget skal haldast orienterte om framdrifta til prosjektet. Så langt det praktisk let seg gjere skal dei ha høve til å avgjere planløyising, romdeling og materialval for sine leigeiningar. Leigetakarane er kjent med at samla leigeinntekter, uavkorta, er med og dekkjer drifta av Folgefonnsenteret.

Leigetakarane er vidare kjent med at den konkrete kvadratmeterprisen og prisen for fellesfunksjonar/fellesareal/fellestenester, ikkje kan fastsetjast før Folgefonnsenteret står ferdig, og det er utarbeidd driftsbudsjett. Leigepris og fellesutgifter skal reflektera nivået for tilsvarande leigeareal lokalt.

Denne avtalen skal erstattast av konkrete leigeavtalar så snart bygget står ferdig. Dersom Folgefonnsenteret ikkje blir realisert fell plikta til å inngå avtalar bort.

Ut over dei vilkåra som eksplisitt er knytte til løyvingane frå partane, og som over er nemnd for kvar part, stiller ikkje partane andre krav.

Partane skal ikkje gjennom sine løyvingar erverva eigedomsrett, medavgjerdsrett eller på andre måtar gjera gjeldande krav som følgje av sine tilskot. Partane har heller ikkje nokon plikter utover det som eksplisitt står i avtalen.

Kvinnherad kommune avgjer korleis Folgefonnsenteret skal organiserast i høve til selskaps- og/eller driftsform. Kommunestyret skal godkjenna vedtekter og retningslinjer.

Finansiering i prosjektering- og byggefase

Kvinnherad kommune forskotterer kostnadene med utarbeiding av hovudprosjekt/ anbudsprosjekt fram til kontrahering av byggearbeid med inntil 10% av samla finansieringstilsegner.

Dei økonomiske bidragsytarane stiller 25% av tilsagde midlar til disposisjon for prosjektet innan kontrahering av byggearbeidet. Vidare 3 tertialvise overføringar a 25% av tilsegn.


Ein føresetnad for økonomisk deltaking er at MVA-refusjon blir ført tilbake til prosjektet som del av finansieringa.

Partane heftar «pro rata» for kvar sin del.


Prosjektet skal rapportera tertialvis til avtalepartane. Det skal rapporterast på status, framdrift og økonomi.

økonomi.


Rosendal 05/06 2015



Kvinnherad kommune




Folgefonna Nasjonalparksenter




Hordaland fylkeskommune




Bjerknessenteret




Skålfjæro AS




Havforskningsinstituttet




Norsafe AS



Fylkesmannen i Hordaland



Sunnhordland kraftlag AS



Hellesøy Verft AS